



«Me står saman for ein trygg oppvekst i eit aktivt og inkluderande læringsmiljø»

Hafslo, 08.05.25

Referat møte i FAU ved Hafslo barne- og ungdomsskule

Torsdag 08.05.2025 kl.19:30 – 21.00

Innkalling til foreldrerepresentantar: Anne Grethe Sønstehagen, Eirik Hoem, Tonje Været, Lars Olav Halleråker, Ine Jeanett Skjerven, Anne Grethe Lomheim, Janne Kjølraug Grønbech (forfall), Linda M. Hagelin, Bjarni Valsson (forfall), Benedikte Fløtra Grøteig
Rektor: Hilde Selland

SAKSLISTE

40-2024/25	Godkjenning av referat frå sist møte (20.03.2025)
41-2024/25	Skriv, meldingar, oppfølging av tidlegare saker og diverse info - Status saker frå siste FAU-møtet - 2011 ynskjer å opprette ein handlekurv i vipps i forbindelse med 17 mai og Hafslo fiskefestival. Dette tar litt tid, og krevjer organisering, så FAU ynskjer å hjelpe klassene med å bestille desse, for så å aktivere ved behov. Tonje er på saken. - Med tanke på sak 44 om smarttelefonfri barndom er det viktig å ivareta mogleik til å betale med kontanter på 17 mai.
42-2024/25	Diverse informasjon v. rektor - Klatrestativet på nedsida blir erstatta med fugleredehuske. - Basketballkorgene på nedsida blir hengt opp på gavelveggen i naustet. - Ungdomskubben, Helga Garborg Sie jobbar med å få denne opp å gå, og lurar på om elevane på arbeidslivsfag kan være med å utvikle denne til hausten. - Det kjem ein ny flyktningfamilie til bygda med to barn. Jente i 2 klasse og gut i 9 klasse. - Skulen varar til 14.30 Fredag 20,6. Dette blir ein kjapp overlapp med Lerum cup. - Kull 2019, foreldremøte 21.5 FAU har spørsmål frå føresette om: - Skulen har ein praksis på korleis og kva turar og aktivitetar dei er på. Her skal det være nokonlunde likt frå år til år. Det viktigaste er at turar og aktivitetar skal ha fokus på sosial kompetanse. Det vil på tross av intensjonen, være ulike faktorar som kan spele inn slik at det tidvis vert gjort ulike tilpassingar. - Det er ynskjeleg med endring i organisering av dei 12 gratis timane på SFO skal fordelast ulikt på dagar, vil dette krevje ei endring i SFO vedtekter. Her kan FAU melde inn ynskje, eventuelt kan foreldre ta det direkte opp med kommunen. - Det er tilfelle at ungar ikkje kan være på fotballbana når SFO er open, også sommar SFO. Dette gjeld ikkje sommar SFO. Derimot gjeld det vanleg SFO gjennom skuleåret.

	- Det er eit ynskje om meir symjeundervisning. Dette kjem skulen tilbake til. Her er tid, økonomi og læreplan med å bestemme.
	Vårdugnad – evaluering - Denne gjekk svært radig i år. 30 menneske og 1 stk, traktor er ei bra mengde.
44-2024/25	Smarttelefonfri barndom Orientering om initiativ i foreldregruppa i 1. klasse (2018) om å arbeide for smarttelefonfri barndom. https://www.smarttelefonfribarndom.no http://skjermfribarndom.no - Eirik informerte med eit enkelt referat, der viktigheita av å samsnakkast i foreldregruppa blei poengtert. Fokus på einigheit i 1. og 2. klasse, der premissane ofte blir starta.
45-2024/25	Skjermbruk - rettleiar v. Anne Grete S, Ine og Benedikte (ref. sak 24-2024/25 og 28-2024/25) - FAU medlemmene og skule gjer tilbakemelding på denne innan 21.5, slik at denne kan takast opp i SU, samt informerast om i årsmøtet.
46-2024/25	Planlegging av årsmøtet 12.juni • Lage innkallinga (både påtroppande og avtroppande representantar) • info til ny 1. klasse (2019) med meir • saker: ○ revidert «FAU hbus forventningar til skule heim samarbeidet» ○ «vanlege» saker ○ Evt innkomne saker Ekstra FAU-møte 5. juni kl 19.30 (digitalt?) for å førebu FAU-årsmøtet 12. juni. • vedta revidert «handbok for foreldrerepresentantar» • vedta forslag til «FAU hbus forventningar til skule heim samarbeidet» • praktiske ting: ○ Status val/nye klassekontakter m.m • Endeleg saksliste
47-2024/25	Fast sak - status på foreldrenettverksmøter og sosialkvelder - Litt ulikt frå klasse til klasse, men fokus er der, og fleire skal gjennomføre etter kvart. Det er og ny sjanse til hausten.
48/2024/25	Ymse - Innen 1.6 må vi ha forslag til nye klassekontakter og nye medlemmer i FAU Dette gjeld representantar frå oddetalskull. Desse vert invitert til årsmøte. -

Referent Lars Olav Halleråker